



Innkalling av Alver kommunestyre

Møtedato: 22.09.2022
Møtestad: Helsehuset, møterom Nordhordland
Møtetid: 12:00 -

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Møtet starter med spørjetime

Sakliste

Saknr	Tittel
104/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
105/22	Godkjenning av møteprotokoll
106/22	Melding frå kontrollutvalet
107/22	Innbyggjarframlegg: Vi ber om ein Forvaltningsrevisjon av at lovverket blir, og har blitt følgt opp i Alver og tidlegare kommunane Lindås, Meland og Radøy
108/22	Byggeprogram - bufellesskap
109/22	Høring planprogram regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn
110/22	NOU 2022: 6 «Nett i tide – om utvikling av strømmettet» Høyringsuttale
111/22	Miljøløftet - Statusrapport 2021
112/22	Søknad frå fellesrådet om tilskot til tomtekjøp Frekhaug uoff
113/22	Økonomiplan 2023-2026
114/22	Fritak frå politiske verv i Alver kommune/nyval
115/22	Søknad om permisjon frå politiske verv uoff
116/22	Val Alver ungdomsråd 2022-2023
117/22	Melding/orientering til kommunestyret 22.09.2022
118/22	Spørsmål/interpellasjonar til kommunestyret 22.09.2022
119/22	Fritak frå politiske verv i Alver kommune/nyval

20. september 2022

Sara Hamre Sekkingstad
ordførar

Tove-Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær

Arkiv: <arkivID><jpID> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 15.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utvæl	Møtedato
104/22	Alver kommunestyre	22.09.2022

Godkjenning av innkalling og saksliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 04.08.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
105/22	Alver kommunestyre	22.09.2022

Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saken:

30.06.2022 Protokoll - Alver kommunestyre - 16.06.2022

1757313

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033, TI-&17
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 28.06.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
106/22	Alver kommunestyre	22.09.2022

Melding frå kontrollutvalet

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:
Meldinga vert teke til orientering.

Politisk handsaming
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Vedlegg i saken:
15.06.2022 2022 06 13 Protokoll - Alver kontrollutval med vedlegg 1755926

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-217, FA-F47, TI-&00
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 29.08.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
107/22	Alver kommunestyre	22.09.2022

Innbyggjarframlegg: Vi ber om ein Forvaltningsrevisjon av at lovverket blir, og har blitt følgt opp i Alver og tidlegare kommunane Lindås, Meland og Radøy

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre takkar for initiativet, men må avise framlegget basert på at tilsvarande innhald er handsama i denne valperioden.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Edit Jørgenvik og Kirsten Rongved har samla inn om lag 300 underskrifter. Ikkje alle som har signert har adresse i Alver og nokre er det heller ikkje oppført postnummer på. Dette vert ikkje omtala vidare.

Dei bed om at kommunestyret tingar ei forvaltningsrevisjon knytt til barnevernet i Alver: Med tanke på at lova er følgd knytt til hjelpetiltak, akuttvedtak, tilbakeføring/tilbakeførings planer og samvær med foreldre, besteforeldre og annan familie.

Kommunestyret har i sak 113/20 «Risiko- og vesentlegvurdering – plan for forvaltningsrevisjon» vurdert kontrollutvalets framlegg til vedtak (kontrollutval-sak 67/20), og vedtok denne, med einaste endring: rekkefølgje på prioriteringslista. I saksførebuinga til kontrollutvalet (kontrollutval-sak 54/20) gjekk det fram at det har vore vurdert om barnevernet skulle vore del av plan for forvaltningsrevisjon i perioden 2020 – 2024. Kontrollutvalet sin konklusjon er gjort med bakgrunn i «Risiko- og vesentlegvurdering» utarbeida av KPMG, på oppdrag frå kontrollutvalet. I denne rapporten er også barnevernet omtala. Alle dokument er oversendt kommunestyret i samband med handsaming av sak 113/20.

Kommunelova sitt kapittel om innbyggjarforslag gjer innbyggjarane i kommunen, med enkelte atterhald, rett til å setje ei sak på den politiske dagsorden i kommunen. Kommunestyret er forplikta til å ta stilling til om framlegget kan fremmes og skal handsamast.

Kva seier kommunelova: § 12-1. Innbyggerforslag:

Innbyggerne i kommunen eller fylkeskommunen kan fremme forslag som gjelder kommunens eller fylkeskommunenes virksomhet. Kommunestyret eller fylkestinget plikter selv å ta stilling til forslaget hvis minst to prosent av innbyggerne står bak det. Likevel er 300 underskrifter i kommunen eller 500 i fylket alltid tilstrekkelig. Kommunestyret eller fylkestinget skal selv ta stilling til om det aktuelle forslaget gjelder kommunens eller fylkeskommunens virksomhet.

Kommunestyret eller fylkestinget skal selv ta stilling til forslaget senest seks måneder etter at det er fremmet. Denne tidsfristen gjelder ikke hvis forslaget blir henvist til behandling i forbindelse med en pågående plansak etter plan- og bygningsloven. Forslagsstillerne skal informeres om vedtak som treffes, og om tiltak som gjennomføres som følge av forslaget.

I samme valgperiode kan det ikke fremmes forslag med samme innhold som et tidligere innbyggerforslag. **Det kan heller ikke fremmes innbyggerforslag med samme innhold som en sak som er behandlet av kommunestyret eller fylkestinget i løpet av valgperioden. Kommunestyret eller fylkestinget skal selv ta stilling til om et forslag kan fremmes.**

Et forslag som er fremmet etter reglene i denne paragrafen, og som blir nedstemt i kommunestyret eller fylkestinget, kan bare påklages dersom forvaltningsloven eller annen lov gir klagerett.

Henta frå regjeringa si veileder om innbyggjarforslag:

3.6 Nærmere om omgrepet "same innhold"

3.6.1 Forslag kan ikkje gjelde sak som allereie er behandla

Det er avgrensingar i forhold til kor ofte forslag med "samme innhold" kan krevjast behandla av kommunestyret eller fylkestinget, jf. kommunelova § 39a nr. 3. Det framgår av forarbeida at det ikkje kan fremmast innbyggjarforslag i saker som har same innhold som eit forslag som ligge til behandling eller som tidlegare er blitt behandla i kommunestyret eller fylkestinget. Dette gjeld med mindre det har gått minst fire år sidan eit slikt forslag sist blei behandla.

Avgrensinga om "same innhold" inneber også at det må takast stilling til korvidt eit forslag materielt sett er det same som eit forslag som tidlegare er blitt behandla. Det vil vere vanskeleg å regulere kor "like" forslaga må vere før det kan vere aktuelt å avvise forslaget. Om to forslag er like må derfor vurderast konkret i det enkelte tilfelle. Der det er tvil om vilkåra i lova er oppfylte, må det såleis vurderast konkret om forslaget bør takast opp til behandling i kommunestyret eller fylkestinget. Her vil for- målet med føreseigna kunne gi rettleiing.

3.7 Dersom kommunen avviser forslaget

Dersom eit forslag blir avvist med at vilkåra for behandling ikkje er tilstades, bør administrasjonen i samsvar med god forvaltnings- skikk gjere forslagsstillarar merksame på kva som skal til for å bringe forslaget i samsvar med lova, når dette lar seg gjere.

Blir forslaget avvist oppstår spørsmålet om dette er ei avgjerd som er omfatta av klagerett etter forvaltningslova. Etter forvaltningslova § 2 tredje ledd skal beslutning om at ei sak skal avvisast reknast som eit enkeltvedtak. Då vil saka ikkje bli behandla, utan at kommunen tek stilling til realiteten i saka. Dette gjeld likevel berre dersom ho blir avvist fordi det gjeld ei sak eller eit forhold som ville ha vore eit enkeltvedtak dersom saka var blitt realitetsbehandla. Men ikkje alle avgjerdar om forslag fremma etter kommunelova § 39a som vert avvist vil kunne påklagast etter forvaltningslova sine reglar.

Uavhengig av dette vil ei avgjerd om å avvise ei sak kunne lovlegkontrollerast etter kommunelova § 59. Dette fordi ei avgjerd om å avvise ei sak vil bli rekna som "avgjerd" etter føreseigna i kommunelova.

Vurdering

Basert på at Alver kommunestyre i møte 29.10.2020 handsama og prioriterte plan for forvaltningsrevisjon – kor barnevernet var del av vurderinga, kan det ikkje fremmes innbyggerforslag med same innhold, jmf. kommunelova § 12-1, tredje avsnitt, andre setning

(utheva over). Det er i lova gitt at kommunestyret skal konkludere i saka.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/7596a2d77524488d88a32f58a5aeac36/innbyggjarforslag.pdf>

Arkiv:

<arkivID><jplD>
FA-L40

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato:

22.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
030/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	30.05.2022
066/22	Alver formannskap	02.06.2022
025/22	Utval for helse og omsorg	31.05.2022
032/22	Utval for helse og omsorg	06.09.2022
082/22	Alver formannskap	08.09.2022
108/22	Alver kommunestyre	22.09.2022

Byggeprogram - bufellesskap

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek byggjeprogram for nytt bufellesskap for menneske med utviklingshemming slik det ligg føre i saka.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 30.05.2022:

Handsaming:

Line Valle-tenesteleiar Eigedomsforvaltning og Prosjekt, og Bernt Fjordheim-tenesteleiar Habilitering orienterte og svarte på spørsmål.

Framlegg frå Reidar Knutsen:

RMNF kan ikkje støtta bygging av bufellesskap for 5-6 bebuarar i Skarsvegen 29. Tomta synest lite egna for bufellesskap, og det er ikkje ei god løysing å samlokalisera bebuarar med dei utfordringane administrasjonen beskriv. Bustadar for menneske med utviklingshemming bør ligge i normale bustad-miljø med utsikt og lys, gjerne sentralt, og i alle fall ikkje ha institusjonspreg. Om ein bebuar treng spesiell skjerming, bør det løysast gjennom lokalisering og tilpassing innanfor eit normalt bustad-miljøet. Ein bør ikkje samlokalisera mange bebuarar med utfordrande åtferd og behov for skjerming. Kanskje er einebustad då det beste, i alle fall ikkje saman med nokon som er sensitive mot lyd eller kan bli ekstra redde og usikre ved utfordrande åtferd frå naboane. Det er mykje viktigare å sikra ei god løysing for bebuarane som gjerne skal bu der resten av livet, heller enn å følge opp det administrative vedtaket frå Lindås kommune om å kjøpa Skarsvegen 29, og påstandane om stordriftsfordelar og om at alternative vil gje betydeleg utsetjing. NFU har heile tida våre imot bufellesskapet i Skarsvegen 29, og forskning tilbakeviser påstandane om stordriftsfordelar og sosiale fordelar ved store bufellesskap. Dersom ein mindre sentral lokasjon likevel blir valt, rangerer RMNF Kvamsvegen høgast, framfor Moldekleiv.

Under avrøystinga vart framlegget frå Reidar Knutsen sett opp mot kommunedirektøren sitt framlegg:

Framlegget frå Reidar Knutsen vart vedteke med 6 røyster (Sølvi Knutsen-Sp, Reidar Knutsen, Magne Bjørndal, Liv Erstad, Edith Jørgenvik, Svein Arne Vabø) mot 1 røyst (Jannicke Helland). Else Marie Dale-Krf tek saka til orientering.

RMNF- 030/22 utfale:

RMNF kan ikkje støtta bygging av bufellesskap for 5-6 bebuarar i Skarsvegen 29. Tomta synest

lite egna for bufellesskap, og det er ikkje ei god løysing å samlokalisera bebuarar med dei utfordringane administrasjonen beskriv. Bustadar for menneske med utviklingshemming bør ligge i normale bustad-miljø med utsikt og lys, gjerne sentralt, og i alle fall ikkje ha institusjonspreg. Om ein bebuar treng spesiell skjerming, bør det løysast gjennom lokalisering og tilpassing innanfor eit normalt bustad-miljøet. Ein bør ikkje samlokalisera mange bebuarar med utfordrande åtferd og behov for skjerming. Kanskje er einebustad då det beste, i alle fall ikkje saman med nokon som er sensitive mot lyd eller kan bli ekstra redde og usikre ved utfordrande åtferd frå naboane. Det er mykje viktigare å sikra ei god løysing for bebuarane som gjerne skal bu der resten av livet, heller enn å følge opp det administrative vedtaket frå Lindås kommune om å kjøpa Skarsvegen 29, og påstandane om stordriftsfordelar og om at alternative vil gje betydeleg utsetjing. NFU har heile tida våre imot bufellesskapet i Skarsvegen 29, og forskning tilbakeviser påstandane om stordriftsfordelar og sosiale fordelar ved store bufellesskap. Dersom ein mindre sentral lokasjon likevel blir valt, rangerer RMNF Kvamsvegen høgast, framfor Moldekleiv.

Utval for helse og omsorg 31.05.2022:

Handsaming:

Line M. Valle-tenesteleiar Eigedomsforvaltning og prosjekt og Bernt Fjordheim-tenesteleiar habiliteringstenester orienterte og svara på spørsmål.

May-Irene Wergeland-SP sette på vegne av AP, SP og KRF fram følgjande framlegg til uttale:

Prosjektet Bufellesskap i Skarsvegen 29 leggst vekk i sin heilskap. Vi bed administrasjonen koma attende med ei utgreiing av tomtealtalternativa på Erstad og Moldekleiv. Desse vurderast opp mot einannan ut frå desse premissane:

- *avstand til naboar*
- *avstand til trafikkert veg*
- *avstand til butikk/senter*
- *støy/uro*
- *soltilhøve for tomtane slik dei ligg i dag utan bebygging*
- *moglegheiter for uteaktivitetar/hage tilpassa ulike brukarar*
- *plass til parkering for bebuarar, gjestar og tilsette*
- *storleik på tomten*

Administrasjonen kjem attende med politisk sak om val av tomt

Fellesframlegget frå M.I.Wergeland vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg.

Wergeland sitt framlegg fekk 6 røyster og vart samrøystes vedteke (det var seks medlemmar i utvalet i dette møtet).

HO- 025/22 uttale

Prosjektet Bufellesskap i Skarsvegen 29 leggst vekk i sin heilskap. Vi bed administrasjonen koma attende med ei utgreiing av tomtealtalternativa på Erstad og Moldekleiv. Desse vurderast opp mot einannan ut frå desse premissane:

- *avstand til naboar*
- *avstand til trafikert veg*
- *avstand til butikk/senter*
- *støy/uro*
- *soltilhøve for tomtane slik dei ligg i dag utan bebygging*
- *moglegheiter for uteaktivitetar/hage tilpassa ulike brukarar*
- *plass til parkering for bebuarar, gjestar og tilsette*
- *storleik på tomten*

Administrasjonen kjem attende med politisk sak om val av tomt.

Alver formannskap 02.06.2022:

Handsaming:

Framlegg frå S.Sekkingstad-SP:

Formannskapet sender saka tilbake til utval for helse og omsorg for ny politisk handsaming. Formannskapet ber om at utval for helse og omsorg vurderer gildskap før handsaming av saka.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 066/22 Vedtak:

Formannskapet sender saka tilbake til utval for helse og omsorg for ny politisk handsaming. Formannskapet ber om at utval for helse og omsorg vurderer gildskap før handsaming av saka.

Utval for helse og omsorg 06.09.2022:

Handsaming:

Utvalsleiar Ståle Hauge-AP reiste spørsmål om May-Irene Wergeland-SP er inhabil i saka. Utvalet erklærte Wergeland inhabil, og ho deltok ikkje i handsaminga av saka. Astrid Anne Fjeldstad-SP gjekk inn i utvalet i Wergeland sin stad.

Sølvi Knudsen-SP sette fram følgjande framlegg til utfale:

Prosjektet Bufellesskap i Skarsvegen 29 leggst vekk i sin heilskap. Vi bed administrasjonen koma attende med ei utgreiing av tomtealternativa på Erstad og Moldekleiv. Desse vurderast opp mot einannan ut frå desse premissane:

- avstand til naboar
- avstand til trafikert veg
- avstand til butikk/senter
- støy/uro
- soltilhøve for tomtane slik dei ligg i dag utan bebygging
- moglegheiter for uteaktivitetar/hage tilpassa ulike brukarar
- plass til parkering for bebuarar, gjestar og tilsette
- storleik på tomten
- kostnadsoverslag inkludert naudsynt investeringar i infrastruktur for å realisere prosjekte.

Administrasjonen kjem attende med politisk sak om val av tomt.

Alexander Helle-R sette fram kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunestyret vedtek byggjeprogram for nytt bufellesskap for menneske med utviklingshemming slik det ligg føre i saka.

Under røysting vart dei to framlegga sett opp mot kvarandre.

S.Knudsen-SP sitt framlegg fekk 6 røyster (Sølvi Knudsen-SP, Thore Helland-SP, Astrid Anne Fjeldstad-SP, Ståle Hauge-AP, Kirsti Gjetle Floen-AP, Roy Bø-UAVH)).

Alexander Helle-R sitt framlegg fekk 2 røyster (Alexander Helle-R, Else Marie S. Dale-KRF)

HO- 032/22 utfale:

Prosjektet Bufellesskap i Skarsvegen 29 leggst vekk i sin heilskap. Vi bed administrasjonen koma attende med ei utgreiing av tomtealternativa på Erstad og Moldekleiv. Desse vurderast opp mot einannan ut frå desse premissane:

- avstand til naboar
- avstand til trafikert veg
- avstand til butikk/senter
- støy/uro
- soltilhøve for tomtane slik dei ligg i dag utan bebygging
- moglegheiter for uteaktivitetar/hage tilpassa ulike brukarar

- plass til parkering for bebuarar, gjestar og tilsette
- storleik på tomten
- kostnadsoverslag inkludert naudsynt investeringar i infrastruktur for å realisere prosjektet.

Administrasjonen kjem attende med politisk sak om val av tomt.

Alver formannskap 08.09.2022:

Handsaming:

Framlegg frå S.Knudsen-SP:

1. Prosjektet Bufellesskap i Skarsvegen 29 leggst vekk i sin heilskap.

Framlegget vart vedteke med 11 røyster, mot 2 (A.Hetlebakke-KRF og A.Byrknes-KRF)

2. Vi bed administrasjonen koma attende med ei utgreiing av tomtealtalternativa på Erstad og Moldekleiv. Desse vurderast opp mot einannan ut frå desse premissane:

- avstand til naboar
 - avstand til trafikert veg
 - avstand til butikk/senter
 - støy/uro
 - soltilhøve for tomtane slik dei ligg i dag utan bebygging
 - moglegheiter for uteaktivitetar/hage tilpassa ulike brukarar
 - plass til parkering for bebuarar, gjestar og tilsette
 - storleik på tomten
 - kostnadsoverslag inkludert naudsynt invisteringar i infrastruktur for å realisere prosjekte.
- Administrasjonen kjem attende med politisk sak om val av tomt.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå A.Hetlebakke-KRF:

- Mogelegheitsstudiet for Skarsvegen 29 må gjerast ferdig og behandlast før endeleg vedtak om denne lokasjonen blir tatt.

Framlegget fekk 2 røyster og fall (A.Hetlebakke-KRF og A.Byrknes-KRF)

- Det må vera ope for andre lokasjonar enn Kvamsvegen og Moldekleiv.

Framlegget vart vedteke med 12 røyster, mot 1 røyst (Liv Hopland van der Kooij-SP)

FO- 082/22 innstilling:

1. Prosjektet Bufellesskap i Skarsvegen 29 leggst vekk i sin heilskap.

2. Vi bed administrasjonen koma attende med ei utgreiing av tomtealtalternativa på Erstad og Moldekleiv. Desse vurderast opp mot einannan ut frå desse premissane:

- avstand til naboar
 - avstand til trafikert veg
 - avstand til butikk/senter
 - støy/uro
 - soltilhøve for tomtane slik dei ligg i dag utan bebygging
 - moglegheiter for uteaktivitetar/hage tilpassa ulike brukarar
 - plass til parkering for bebuarar, gjestar og tilsette
 - storleik på tomten
 - kostnadsoverslag inkludert naudsynt invisteringar i infrastruktur for å realisere prosjekte.
- Administrasjonen kjem attende med politisk sak om val av tomt.
- Det må vera ope for andre lokasjonar enn Kvamsvegen og Moldekleiv.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til uttale i helse og omsorg
Saka skal til innstilling i formannskap
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Kommunen skal tilby opphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester dersom dette etter ei helse- og omsorgsfagleg vurdering er det einaste tilbodet som kan gje brukaren nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester (Lov om kommunale helse- og omsorgstenester mm, §3-2 a)

Det vart i Formannskapet i Lindås kommune 18.02.2016 samrøystes vedteke prosjektmandat for utarbeiding av byggjeprogram for bufellesskap (saksnr 013/16, arkivsak 16/466). Gjennom Bustadsosial handlingsplan 2017-2021 vedteke i KO 21.juni 2017 er det lagt fram behov om etablering av sju omsorgsbustader pluss for funksjonshemma der ein av desse skal vere ein avlastningsbustad/akuttbustad.

Sidan vedteke prosjektmandat har prosjektet møtt på ulike utfordringar som har gjort at realisering av nytt bufellesskap har teke lengre tid enn planlagt.

Ved kommunesamanslåinga måtte ein sjå på behova til kommunen på nytt for denne brukargruppa. Behova i dag er fem til seks omsorgsbustader pluss med tilhøyrande personalbase. Arbeidsgruppa har arbeidd vidare med byggjeprogrammet frå tidlegare Lindås kommune og gjort endringar og tilpassingar ut i frå behova til Alver kommune.

Det er eit stort behov for nye omsorgsbustader pluss (heildøgns bemanna) for gruppa funksjonshemma i Alver kommune. Per 2022 ligg dei fleste omsorgsbustadene i sentrums-område. Det er få tilbod til grupper som treng andre omgjevnader der ein i større grad kan vere skjerma frå t.d. støy og andre forstyringar. Eit nytt bufellesskap vil føre til betre tenester og betre livskvalitet for bebuarane, og vil krevje mindre ressursar totalt sett.

Behovet hjå kommunen sine innbyggjarar er definert til å vere eit nytt bufellesskap med skjerma lokalisering. I dette tilfellet tyder det i landlege omgjevnader i ca. 10-15 min køyreavstand frå Knarvik.

Ved utvalsmøte for helse og omsorg den 22.03.22 vart saka utsett og sendt tilbake då både RMNF og HO ønska synfaring i Skarsvegen 29 samt tre alternative tomter som har vore vurdert i prosjektet. Det vart gjennomført synfaring for RMNF den 02.05.22 og HO den 03.05.22.

Saksopplysningar:

I samband med handsaminga av saka i førre politiske møterunde kom det opp spørsmål knytt til dei alternative lokalitetane til Skarsvegen 29 og konkrete spørsmål knytt til eigedommen i Skarsvegen 29.


Utval for helse og omsorg ynskte svar på følgande:

1. Når vil moglegheitstudiet sine svar vere diskvalifiserande for vedtaket om bygging i Skarsvegen 29.
2. Mogleg innverknad frå mogleg veg frå Alversund mot området Tredalsegga via Skarsvegen 29
3. Kor stort blir tapet av dyrka/dyrkbar/landbruksland?
4. Soltilhøve (årsstudie)

Under følger omtale og vurdering av dei tre alternative lokalitetane dersom denne skulle falle bort grunna Statens vegvesen si bandlegging av området. Dei aktuelle eigedommane er markerte med lilla punkt.

Gnr./Bnr. 141/1 Kvamsvegen 18

- Relativ ny reguleringsplan er vedtatt for dette området
- Området er regulert til LNF i reguleringsplan for Stølshaugane.
- Det er vurdert at det ikkje er ønskeleg å gjere dette til offentleg tenesteytingsområde då området ligg i omsynssone landbruk (fulldyrka og overflatedyrka) – i dette område er det viktig å ta vare på dyrkamark. I dialog med statsforvaltaren i samband med reguleringsplan for Stølshaugane var det klar tilbakemelding om at det ikkje var aktuelt med meir utbygging i dette området.
- Formålet er i konflikt med nasjonale og regionale føringar for lokalisering av bustader, i forhold til at en skal «oppretthalde kulturlandskapet gjennom å leggje til rette for aktiv drift og ta vare på verdifull landbruksareal»
- Det er ein omfattande prosess å forsøke å få arealet omdisponert til tenesteyting. Ein må i tilfelle først få riktig formål i overordna plan, i tillegg må det detaljregulerast. Framdrifta til prosjektet vil utsetjast minimum 3-4 år.



Gnr./Bnr. 1/20 Flatøy

- Her er det ønske om en stor bustadutbygging og fortetting og ein betre infrastruktur for området - området ligg ikkje skjerma og er støyutsatt med tanke på brukarane sine behov.
- Omsynssone E39 vil trolig gjere prosessen her vanskeleg.
- Tung prosess å få dette omgjort til offentleg tenesteyting. Formålet må forankrast i overordna plan, i tillegg må det regulerast. Framdrifta vil utsettast minimum 3-4 år.
- Området har ei bustadreserve som bør sikrast med tanke på framtidig utvikling av Flatøy.

Svar på spørsmåla frå utval for Helse og omsorg:

1. Når vil moglegheitstudiet sine svar vere diskvalifiserande for vedtaket om bygging i Skarsvegen 29.

Kriteria for val av lokalitet ligg fast. Fram til i dag har Skarsvegen dei beste eigenskapane sett ut frå dei kriteria som brukargruppa har lagt fram. Difor er Skarsvegen valt som lokalitet i byggjeprogrammet som var vedteke i tidlegare Lindås kommune. No har ein sett på Alver sine behov og skalert prosjektet deretter. Difor skal byggjeprogrammet opp igjen for nytt vedtak. Det har ikkje vore tenkt at anna enn det naudsynte skal endrast. Lokaliteten ligg fast etter at SVV oppgav bandleggingssona for sidearm frå E39.

Mogelegheitsstudie skal vise korleis vi på best mogeleg vis kan bruke tomta for å få på plass dei funksjonane som trengs for å bygge eit bufellesskap.

Dei behov som kommunen har for det nye bufellesskapet kan også gje gevinstar i form av høgare standard på veg, tilknytning til offentleg vatn og avløp etc.

Målet for prosjektet er å bygge et anlegg som treff brukarane sine behov på best mogeleg måte. I tillegg skal det gjerast gode tilpassingar til naboar og ålmenta.

Byggjeprogrammet er eitt steg på vegen mot realisering. I tillegg skal også forprosjekt inkludert økonomiske rammer opp til eige vedtak. Økonomi kan vere eitt av momenta som kan gjere at prosjektet stoppar opp.

Behovet for etableringa er stort og kommunen har eit krav på seg til å gje tenester til dei som treng det. Truleg veg dette tungt ved ei avgjerd.

2. Mogleg innverknad frå mogleg veg frå Alversund mot området Tredalsegga via Skarsvegen 29?

Dette alternativet vil ikkje bli tilrådd av SVV, då det kom dårlig ut i den samfunnsøkonomiske analysen deira knytt til utgreiing av ny E39-trase mellom Faltøy og Eikefet. Traseen mot Alversund er skrinlagt frå Statens vegvesen pr no. Kva som vil skje knytt til nasjonale vegprosjekt i framtida er vanskeleg å seie noko sikkert om.

Alver kommune har vore i dialog med SVV og dei har ingen innvendingar mot at det blir starta opp arbeid med moglegheitsstudie og eventuelt detaljregulering parallelt med ferdigstilling av kommunedelplan E 39 Flatøy-Eikefettunnelen.

Dersom ein framover i tid vel å gå tilbake på konklusjonen som ligg i dag, og likevel finn ut at det er samfunnsøkonomisk forsvarleg vil også forutsetningane for vegprosjektet ha endra seg. Det vil verre ein heilt ny prosess med andre og nye hensyn som må kartleggast og vurderast om det blir aktuelt.

3. Kor stort blir tapet av dyrka/dyrkbar/landbruksland?

Eigedommen er registrert med 20 daa innmarksbeite. Det kan stillast spørsmål om arealet oppfyller kravet til innlandsbeite i dag. Eigedommen har ikkje vore i aktiv drift de seinaste 10-15 år og er attgrodd. Det må vurderast om til dømes skog hadde vore rettare kategori. Areal ute av drift forfell fort som jordbruksareal. Kommunen har plikt til å halde jordbruksareal i hevd dersom det ligg som LNF. Skarsvegen ligg i dag som offentleg tenesteyting.

Bilde 1 viser kva som idag er registrert som innmarksbeite og produktiv skog

Bilde 2 er flyfoto over eigedom frå 2020 og tilsvarande foto frå 2000



Gult areal: innmarksbeite

Grønt areal: Produktiv skog



Skarsvegen 29 i år 2020



Skarsvegen 29 i 2000

4. Soltilhøve (årsstudie)

Dette vil mogligheitsstudien seie noko om, men ein vil legge til rette for at bustadene blir plassert i på ein slik måte at det vil gi dei beste sol/-skuggetilhøve som tomte kan gje utifrå brukarane sine behov.

Økonomi/Innsparing i drift av bufellesskap:

Et nytt bufellesskap vil kunne effektivisere drifta og redusere bemanninga med ca. 9-11 årsverk. Det er laga ein kalkyle over bemanningsbehov og lønnskostnader ved å etablere nytt bufellesskap kontra slik det er organisert idag. Ved å etablere nytt vil det vere ein innsparing pr. år på om lag kr. 2,1-2,4 millionar, avhengig av kva for ein bemanningsmodell ein vel å bruke. Skulle prosjektet igjen bli utsett med 3-4 år vil dette gi ytterlegare tapte lønnsinnsparingar på om lag 6-10 millionar. Ein har allereie kome langt i prosjektet med Skarsvegen 29 som lokasjon. Behovet for tilrettelagte bustader for målgruppa er stor. Ved ytterlegare utsetjing av prosjektet vil brukarar enten måtte vente på bustad eller det må etablerast nye individuelle butiltak som er kostbart. Netto kostnad for eit slikt tiltak er estimert til om lag 2,5 millionar kronar pr. år pr. person. Fleire av brukarane bur i dag i eldre bustader som ikkje er optimale for brukarar og tilsette. Det brukast betydelege summar kvart år på særleg tilpasning og oppgraderingar i bustadane. I tillegg kjem kostnader til vedlikehald. Ved

å bygje nytt vil det vere store økonomiske innsparingane for kommunen. Skarsvegen som lokasjon er primært valt for at brukarane skal få optimale butilhøve og tilrettelagte bustadar i omgjevnadar som vil vere med å skape trygghet for brukaren. I tillegg vil Skarsvegen som bufellesskap fungere som eit kompetansesenter, der ein har moglegheit for tett oppfølging av de tilsette som vil gjøre at kvaliteten på tenestene vil vere betre.

Ny økonomisk ramme

Ny økonomisk ramme for byggjeprojektet er vurdert til 36,25 mill. NOK

	opphaveleg budsjett	Endring i denne saka
Ramme ekskl. usikkerheit	22 mill. nok	29 mill. nok
ramme inkl. usikkerheit	25,3 mill. nok	36,25 mill. nok

Vedlegg:

Byggeprogram
- bufellesskap

Vedlegg:

Byggeprogram – Omsorgsbustader pluss – menneske med utviklingshemming

Vedlegg i saken:

23.05.2022	Byggeprogram - bufellesskap	1742429
22.08.2022	Vurdering habilitet	1788832
30.08.2022	Solstudie for Alver kommune red	1792799

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-121, TI-&13
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 27.08.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
081/22	Alver formannskap	08.09.2022
116/22	Utval for areal, plan og miljø	07.09.2022
109/22	Alver kommunestyre	22.09.2022

Høyring planprogram regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyre sluttar seg merknadane til planprogram for regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn.

Utval for areal, plan og miljø 07.09.2022:

Handsaming:

Tilleggsframlegg til punkt 2.6 frå Vigdis Villanger-Sp

Folkehelsearbeid retta mot barn og unge må løftast inn i planarbeidet.

Framlegget vart samrøystes vedteke

Kommunedirektøren sitt framlegg med tillegg framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 116/22 uttale:

Kommunestyret sluttar seg merknadane til planprogram for regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn med følgjande tillegg til punkt 2.6: Folkehelsearbeid retta mot barn og unge må løftast inn i planarbeidet.

Alver formannskap 08.09.2022:

Handsaming:

Framlegg frå I.Fjeldsbø-H:

Punkt 2.6 Folkehelsearbeid retta mot barn og unge må løftast inn i planarbeidet

Kommunedirektøren sitt framleggt med tillegg frå I.Fjeldsbø vart samrøystes vedteke.

FO- 081/22 innstilling:

Kommunestyre sluttar seg merknadane til planprogram for regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn.

Punkt 2.6 Folkehelsearbeid retta mot barn og unge må løftast inn i planarbeidet.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for areal, plan og miljø

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Bakgrunn

Vestland fylkeskommune har sendt planprogram for regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn på høyring. Planprogrammet er «planen for planen», altså ei bestilling på kva som skal prioriterast i sjølve planprosessen. Høyringsfrist er 23. september.

Saksopplysninger:

I utviklingsplan for Vestland 2020-2024 vert det peika på behov for ein ny regional plan for senterstruktur for Vestland. Planen skal samordne lokalisering av bustader, arbeidsplassar, tenester, service og handel. Eit viktig mål er å peike ut regionsenter som skal vere motor og drivkraft i sine omland, og bidra til verdiskaping og konkurransekraft, sterke bu- og arbeidsmarknader, og utjamning av sosial og økonomisk ulikskap. Ei tenleg arbeidsdeling mellom senter med ulik storleik og funksjon, vil bidra til ei berekraftig og konkurransedyktig samfunnsutvikling, og gjere det mogleg å drive næring og leve gode liv i heile fylket.

Vestland fylke ynskjer tilbakemelding i høyringa av planprogrammet:

- innan dei føreslegne plantema
- medverknad i planarbeidet
- andre relevante innspel i planarbeidet

Samfunnsdelen for Alver kommune har som eit hovudmål at Alver er eit berekraftig samfunn, med attraktive senter, levande bygder og grender.

Regional plan for senterstruktur og berekraftig utvikling vil vere med å legge rammer for korleis vi skal utvikle sentera og lokalsamfunna våre. Dette er difor ein viktig plan for Alver. Det er føreslått seks plantema i regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn.

Alver kommune sin utfale til planprogrammet

1. Senterstruktur

Ny regional plan for Vestland skal fastsetje ein heilskapleg og samordna senterstruktur som grunnlag for framtidig utvikling. Det blir også lagt opp til å vurdere ein ny senterstruktur i Vestland.

Alver kommune sitt innspel på plantema:

Knarvik har i dag status som regionsenter. Utvikling av eit regionsenter tek tid og er ei langsiktig satsing. Alver meiner at det vil vore uheldig at senterstruktur eller regionsenterstatus skal endrast i Nordhordland og i regionsentera rundt Bergen. Eit slikt arbeid vil krevje ein omfattande prosess som tek tid, grundige analyser og medverknad.

For Alver kommune og regionen er det viktig å byggje vidare på Knarvik som ein motor i regionen. Eit sterkt Knarvik er og ein god strategi for å motverke negative effektar av sentralisering mot Bergen. Regionale tilbod som vidaregåande skular og regionalt helsetilbod i Knarvik er med på å leggje til rette for eit sterkt Nordhordland.

Det er svært viktig at Alver og andre regionsenterkommunar er tett på prosessen med dette

plantema.

2. Utbyggingsmønster og arealbruk

Planarbeidet skal gjere greie for prinsipp for arealbruk. Det er lagt nokon føringar i planprogrammet, mellomanna er det slått fast eit prinsipp for «innanfrå og ut» utbygging: «Vi skal fortette i allereie bygde område før vi bygger ned nye og mindre sentrale område. Dette prinsippet gjeld i ulike målestokkar, frå den største byen vår til dei små grendesentra.» Prinsipp for å hente ut potensialet i eksisterande infrastruktur og prinsipp for sentrumsavgrensing vil og bli drøfta i planarbeidet. Planprogrammet seier også at i planprosessen skal ein vurdere å utarbeide differensierte retningslinjer og prinsipp for utbyggingsmønster i ulike deler av fylket.

Alver kommune sitt innspel på plantema:

Samfunnsdelen slår fast vegval for utvikling av sentra i Alver, der vi skal byggje vidare på og utvikle tilbod i sentera. Dette støttar og prinsipp som det blir lagt opp til i planprogrammet.

Samfunnsdelen slår fast at Alver skal ta heile kommunen i bruk. Det betyr at kommunen ønsker at det skal vere mogleg å byggje bustader og utvikle lokalsamfunna også utanfor dei definerte sentra.

Det er eit godt og naudsynt grep med differensierte retningslinjer og prinsipp for utbyggingsmønster i ulike deler av fylket. Vestland fylke har svært ulike utfordringar med omsyn til senterutvikling. Alver er stor i areal og har ulik busetnadsstruktur. Vi har tettbygde områder i aksen Frekhaug -Knarvik -Alversund. Vi har lokal og nærsenter med ein del funksjoner og meir spreidd busetnad over heile kommunen. Det betyr at det må vere mogleg å bygge bustader også utanfor sentra og regionsenteret. Det kan såleis vere behov for differensierte retningslinjer også innan kommunen.

3. Lokalisering av arbeidsplassar, tenester og tilbod

Planarbeidet skal sjå på kva funksjonar og tenester eit regionsenter bør tilby, og kvar det bør lokaliserast. Planarbeidet skal vurdere korleis fylkeskommunen bør koordinere sine innsatsområde geografisk for å stø opp om utvikling av sentra. Planen bør og ta sikte på å definere statlege og kommunale ansvarsområde / funksjonar som bør lokaliserast tilsvarande, dimensjonert i høve til senterstatus. Planarbeidet vil sjå nærare på prinsipp og retningslinjer for lokalisering av knutepunktsfunksjonar for kollektivtransport.

Alver sitt innspel på plantema:

Kommunen kjenner best utfordringane og moglegheitene i regionsentera.

Tema «planarbeidet skal sjå på kva funksjonar og tenester eit regionsenter bør tilby, og kvar det bør lokaliserast» framstår som utfordrande. Regionsenter i Vestland vil ha svært ulike problemstillingar knytt til funksjonstilbod og tenestetilbod. Det bør ikkje definierast i denne planen kva som skal verte tilbydd og kvar det skal lokaliserast. Den fylkeskommunal planen bør peike på overordna prinsipp knytt til regionsenterutvikling.

Det er uklart kva som ligg i formuleringa : «Planen bør og ta sikte på å definere statlege og kommunale ansvarsområde / funksjonar som bør lokaliserast tilsvarande, dimensjonert i høve til senterstatus». Å definere kommunale sentrumsfunksjonar er kommunen si oppgåve og vert

gjort gjennom overordna planlegging.

Det er eit godt plangrep å sjå på prinsipp for lokalisering av knutepunkts funksjoner og kollektiv punkt. Dette arbeidet må vere i tett dialog med kommunen som har arealmynde.

4. **Utforming av omgjevnader**

Planen skal avklare overordna prinsipp og generelle retningslinjer som grunnlag for politiske avvegingar og prioriteringar som sikrar kvalitet i utforming av omgjevnadane våre. Planen skal løfte fram verkemiddel og viktige innsatsområde og legge eit grunnlag for å etablere samarbeid og partnarskap for ønska resultat.

Alver kommune sitt innspel på plantema:

Det litt uklart kva som ligg i formuleringa «overordna prinsipp som sikrar kvalitet i omgjevnadane». Kva vil dette bety for kommunane si saksbehandling knytt til arealsaker? Planen har ei viktig rolle i å gje råd og utvikle samarbeidsarena om tema knytt til utforming av omgjevnadane.

5. **Bustadpolitikk**

I planarbeidet vil vestland fylke sjå på det marknadsstyrte bustadsegmentet, og kva den offentlege bustadpolitikken skal vere framover. Planarbeidet vil sjå nærare på korleis kommunar kan stimulere til auka bustadbygging tilpassa behov, varierte bustadtypar, -storleik og -pris, m.a. gjennom samarbeid med næringsliv og Husbanken.

Alver kommune sitt innspel på plantema:

Dette er eit omfattande tema som og er eit viktig politikkområde nasjonalt. Dette arbeidet kunne vore ein del av eit handlingsprogram og ikkje eit eige plantema.

6. **Medverknad i planarbeidet**

Medverknad i planlegging (pbl. § 5-1) er viktig for å sikre forankring, oppnå ei felles forståing for kunnskapsgrunnlaget og utfordringane, samt at ein i fellesskap kan einast om både utfordringane og løysingane. Fylkestinget skal vedta planen i juni 2023.

Alver kommune sitt innspel til medverknad:

Alver vil understreke at ein regional plan for berekraftige regionsenter og levande lokalsamfunn vil krevje ein brei medverknadsprosess. Framdrifta for arbeidet er stram og det er mange omfattande plantema som er skissert.

Kommunane er planmynde og avgjerande for å setje tiltak ut i live. Ein regional plan, samt planprosessen, vil kunne vere nyttig for kommunar som også utarbeider samfunns- og arealplanar. Alver kommune er i gang med arbeidet med arealplanen og ynskjer å delta i eit felles fora for å drøfte problemstillingar knytt til planarbeida. Ein slik arena vil kunne styrke både den regionale planen og kommuneplanen sin arealdel i Alver.

Alver kommune vil understreke betydninga av at kommunane får høve til å vere kobla på planarbeidet gjennom våre lokalpolitiske prosesser. Difor vil setninga i planprogrammet «Høyringsperioden vil så langt som råd bli tilpassa regional og kommunale møtekalendrar.» vere viktig for den reelle medverknaden til denne viktige planen.

Vedlegg i saken:

08.08.2022 Utkast til Planprogram endeleg til FU (4).pdf

1782729

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-T00, TI-&13
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 31.08.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
084/22	Alver formannskap	08.09.2022
110/22	Alver kommunestyre	22.09.2022

NOU 2022: 6 «Nett i tide – om utvikling av strømmettet» Høyringsuttale

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Alver kommune sluttar seg til framlegga i NOU 2022: 6 «Nett i tide – om utvikling av strømmettet», under føresetnad om at den kommunale påverknaden i saksprosessen ikkje vert redusert.
2. Alver kommune rår til at det snarast vert utarbeidd ein nasjonal plan for utbygging av nett og kraftproduksjon, tilsvarande som NTP fungerer for vegbygging.

Alver formannskap 08.09.2022:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 084/22 innstilling:

1. Alver kommune sluttar seg til framlegga i NOU 2022: 6 «Nett i tide – om utvikling av strømmettet», under føresetnad om at den kommunale påverknaden i saksprosessen ikkje vert redusert.
2. Alver kommune rår til at det snarast vert utarbeidd ein nasjonal plan for utbygging av nett og kraftproduksjon, tilsvarande som NTP fungerer for vegbygging.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

SAKSUTGREIING

Saka gjeld

Olje- og energidepartementet har sendt Strømnettutvalet si utgreiing NOU 2022: 6 «Nett i tide – om utvikling av strømmettet» på høyring.

Utgreiinga inneheld forslag til tiltak for å redusere tida det tar å utvikle og konsesjonshandsame nye, større nettanlegg. Videre vurderer utvalet prinsipp for å ivareta ei samfunnsøkonomisk utvikling av strømmettet i ei tid med stor uklarheit ved utvikling av forbruket. Utvalet foreslår moglege forbetringar ved systemet for tilknytningsplikt. Utvalet foreslår enkelte lov- og forskriftsendringar. Forbetringspotensialet er ifølgje utvalet stort samanlikna med ordningane i dag.

Bakgrunn

For at Norge skal kunne nå sine klimamål i Klimaplanen for 2030 og kunne omstille seg til eit lavutsleppssamfunn i 2050, uttalte Solberg-regjeringa ved oppnemninga av utvalet at ein er avhengige av god framdrift i utbygginga av straumnett. Samtidig vart det påpekt at bygging av nye kraftleidningar ofte inkluderer omfattande naturinngrep som medfører behov for grundig sakshandsaming med involvering av lokale og sentrale aktørar. Nettutbygging krev også store investeringar som må dekkast av brukarane sjølve.

Utvalet foreslår fleire effektiviseringstiltak. Dette går hovudsakelege på auka digitalisering og betre samhandling mellom aktørane i konsesjonshandsaminga. Utvalet meiner at det er for dårleg samhandling mellom nettselskapa og konsesjonsmyndigheitene, for lite informasjonsutveksling og for mange manuelle prosesser og behandling. Her er det vesentleg potensiale for forbetringar.

Straumnettutvalet foreslår også å innføre fristar for departementet sine uttaler til konseptvalsutgreiingane og flytte ansvaret for ekstern kvalitetssikring frå nettselskapa til departementet. Dette forutset naturlegvis større effektivitet i handsaminga hjå departementet, noko utvalet meiner kan oppnåast ved at nettselskapa skal involvere aktuelle aktørar tidlegare og gjere grundigare forarbeid med søknadar og utgreiingar. Dessutan foreslår utvalet at konsesjonsmyndigheitene (NVE og departementet) skal få auka bemanning og ressursar. For mindre saker ønsker utvalet at «hurtigløpsystemet» skal forbeistrast hjå NVE.

Målet med effektiviseringstiltaka er at tida frå utgreiing til konsesjonshandsaming og bygging, den såkalla «ledetida», skal reduserast nokså kraftig. For store nettanlegg vil ledetida i dag på syv til fjorten år reduserast til mellom seks og åtte år dersom tiltaka vert følgt opp, ifølge utvalet.

Straumnettutvalet foreslår fleire tiltak for å sikre ein samfunnsøkonomisk lønsam utvikling av straumnett. Statnett og Energi Norge anslår at for perioden 2021 til 2030 vil det bli investert mellom 160 til 200 milliardar kroner i straumnett. Desse kostnadane vil bli plassert hjå brukarane og det er naturlegvis viktig at de blir brukt mest mogleg effektivt. I tillegg inneberer nettutbygging irreversible naturinngrep som ikkje bør gjerast utan reelt behov. Utvalet peikar her på at den store usikkerheita i framtidig ressursbruk av straumnett er ei utfordring og meiner at det bør utviklast betre metodikk for berekning av framtidig utvikling. Samtidig vil straumnettutvalet at det gjennom økonomiske ordningar i større grad vert stimulert til betre utnytting av straumnett og trekk fram den nye nettleigemodellen som eit positivt tiltak. Utvalet trekk også frem energieffektivitetstiltak.

For eksisterande nett ønsker utvalet at kundar som sit på retten til å ta ut meir kraft enn det dei faktisk nyttar, skal betale basert på en kombinasjon av det de brukar (målt effekt) og det dei har reservert (abonnert effekt). Dette skal også gjelde for nye kundar som reserverer kapasitet. Tanken er då at nokon vil vurdere å gå over til å ikkje reservere kraft.

For nett som skal byggas ut, ønsker utvalet at kostnadene som hamnar hjå kunden skal framskundast i tid og blir forpliktande på eit tidlegare tidspunkt.

Tiltaka kan ifølge utvalet bidra til å gi mindre usikkerheit rundt etterspurnaden etter nettkapasitet, noko som er ei stor utfordring i dag.

Til slutt foreslår utvalet fleire tiltak for å forbetre tilknytningsprosessen til straumnett. Her ønsker dei at det skal bli ein standardisert tilknytningsprosess, betre informasjonsutveksling, slik som å ha eit kart over ledig kapasitet i straumnett, auka tilsyn med nettselskapa og ein forbetra tildelingsprosess av kapasitet etter objektive kriteria.

Kommentarar frå Naturressurskommunane og Vindkraftkommunane:

«Strømnettutvalget overleverte tirsdag 14. juni sin utredning, NOU 2022:6 Nett i tide, til olje- og energiminister Terje Aasland. Utvalget fremmer en rekke forslag til tiltak for en bedre utnytting av eksisterende nett, mer effektive prosesser ved bygging av nytt kraftledningsnett og sterkere samordning mellom nettutviklingsplaner og kommunale arealplanprosesser.

Naturressurskommunene er tilfredse med at et enstemmig utvalg påpeker behovet for større involvering av berørte kommuner, og på et tidligere tidspunkt i nytt nett. Det vises blant annet til at der det har vært (ingen eller lite kontakt med kommunen og berørte interesser i forkant av søknad, kan det få konsekvenser for den videre prosessen.» I kap. 13.4 Tidlig involvering og

grundig forarbeid, heter det:

«Tidlig involvering av berørte parter i regi av nettselskapene legger grunnlaget for gode søknader og utredninger, raskere framdrift og økt lokal aksept for nye nettanlegg. Utvalget mener at NVE i veileder bør stille krav til nettselskapenes forarbeid og kontakt med berørte interesser i forkant av innsendelse av meldinger og konsesjonssøknader. Grundig forarbeid, gode utredninger og involvering kan redusere behovet for tilleggssutredninger og tilleggssøknader, og føre til færre klager på konsesjonsvedtak. Gjennom dialog skapes tillit til at prosessen fører til de beste løsningene for samfunnet som helhet, selv om ikke alle parter nødvendigvis vinner fram med sine innspill. Utvalget mener at kommunene bør informeres av nettselskapene om saker som berører dem, før de mottar saken på høring fra konsesjonsmyndighetene. Utvalget anbefaler at nettselskapene ser sine planer opp mot kommunenes arealplaner så tidlig som mulig, og vurderer eventuelle tilpasninger før konsesjonssøknad sendes. Utvalget mener dette forslaget tar kort tid å innføre, krever ingen regelverksendringer og forventes å bidra til redusert konflikt og tidsbruk i den senere prosessen. Samlet redusert tidsbruk forventes av utvalget å kunne bli opptil 2 år i større saker.» Utvalgets anbefalinger er i tråd med de innspill Naturressurskommunene og Vindkraftkommunene har fremmet for utvalget som medlemmer av utvalgets referansegruppe.»

Utdrag i høringsuttale frå Nordhordland Næringslag - på vegne av Næringsalliansen i Vestland:

«Strømnettutvalget har levert et grundig og godt arbeid og vi støtter alle anbefalingene utvalget kommer med.

Vi mener likevel at de anbefalte tiltak ikke er tilstrekkelige til å redusere tidsbruken i nettutviklingen slik at den møter behovene i det grønne skiftet og derved gir den troverdighet som kreves for å utløse de nødvendige investeringene fra privat kapital.

En helhetlig nasjonal plan for utbygging av nett og ny kraftproduksjon er nødvendig for å gi politiske ambisjoner på klima og ny grønn industri troverdighet. Et slikt system er allerede etablert på veibygging gjennom NTP.

Skal vi lykkes i å skape troverdighet i det grønne skiftet og sikre fremtidig eksportvekst og derigjennom sysselsetting og velferd, må nettet bygges ut basert på strategiske analyser av fremtidige behov og ikke reaktivt som i dag.»

Vurdering

Omstilling og utviklinga av ny industri og næring i Alver og særleg på Mongstad, har trong for framføring av vesentleg meir elektrisk kraft. Konsesjonshandsaminga og prosessane med bygging av slik større infrastruktur er i dag svært tidkrevjande, erfaringsmessig gjerne 7 - 14 år. Den framlagte utgreiinga NOU 2022: 6 «Nett i tide – om utvikling av straumnettet», peikar på ei lang rekke tiltak som kan korte ned på denne tida, utan at dette treng redusere kommunane sin medverknad og råderett.

Kommunedirektøren rår difor til at kommunestyret sluttar seg til konklusjonane i NOU 2022: 6 «Nett i tide – om utvikling av strømnettet», såframt desse ikkje innskrenkar kommunen sin medverknad og råderett.

Vidare sluttar kommunedirektøren seg til Nordhordland Næringslag sin argumentasjon om å arbeide ut ein nasjonal plan for utbygging av nett og kraftproduksjon, tilsvarande som NTP fungerer for vegbygging.

Vedlegg i saka:

Utgreiinga er publisert på regjeringa si heimeside under NOU 2022: 6 – regjeringen.no
Direktelink: [NOU 2022: 6 - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no/no/tema/energi/energi-og-kraftproduksjon/nou-2022-6-om-utvikling-av-strumnettet/id2888888)

Vedlegg i saken:

14.06.2022 Offentlig høring av NOU 2022: 6 Nett i tide - om utvikling 1755205
av strømnettet

Arkiv: <arkivID><jpID> FE-122, TI-&37, TI-&01
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 31.08.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
085/22	Alver formannskap	08.09.2022
111/22	Alver kommunestyre	22.09.2022

Miljøløftet - Statusrapport 2021

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune tek Miljøløftet sin statusrapport for 2021 til etterretning.

Alver formannskap 08.09.2022:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FO- 085/22 innstilling:

Alver kommune tek Miljøløftet sin statusrapport for 2021 til etterretning.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

SAKSUTGREIING

Saka gjeld

Miljøløftet sin statusrapport er ei oppsummering av aktivitet og tiltak som er finansiert gjennom Miljøløftet i 2021. Statusrapporten gjev også ein oversikt over status på økonomi og måloppnåing i samarbeidet så langt.

Generelt om Miljøløftet

Miljøløftet er samarbeidet om gjeldande byvekstavtale for Bergensområdet (2019-2029), som er inngått mellom Samferdselsdepartementet ved Statens vegvesen og Jernbanedirektoratet, Kommunal- og distriktsdepartementet ved Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune og kommunane Bergen, Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden. Bompengepakka Bypakke Bergen (Prop. 11 S) er også ein del av Miljøløftet.

Status måloppnåing 2021

Miljøløftet oppfyller nullvekstmålet i 2021 sett mot referanseåret 2018. Samtidig indikerer utviklinga i reisemiddelfordelinga at mengda av bilbrukarar aukar i same periode, relativt til tal turar per person. Dette indikerer at oppfyljinga av nullvekstmålet i hovudsak skuldast at vi har reist mindre. Som i 2020 har innbyggjarane også i store deler av 2021 blitt oppfordra til ikkje å bruke kollektivtransport. Dette ser vi igjen i både passasjertal og reisevaneundersøkingar. Forholdsmessig er nedgangen i kollektivbruk klart større enn nedgangen i personbilreiser. På

den positive sida bidreg nedgangen i talet på reiser under Covid-19 til ein vesentleg reduksjon i utsleppet av CO2 frå vegtrafikken i 2020 (den ferskaste berekinga som ligg føre). Positivt er det også at reisemiddelfordelinga indikerer ei auke i prosentdelen av gåande i Bergensområdet. Delen syklande går også svakt opp i perioden, samtidig som nedgangen i sykkelindeksen indikerer at færre sykklar gjennom dei faste teljepunkta.

Ny organisering

Miljøløftet sin organisering vart vidareutvikla i 2020 og 2021 og ny organisering blei vedteke av styringsgruppa 8. oktober 2021. Dei tidlegare faggruppene vart erstatta av fire nye geografiske arbeidsgrupper, der arbeidsgruppe Nord-øst, som omfattar Arne, Åsane og Alver vert leia av Alver kommune.

For vidare omtale av organisasjonsendringar vert det vist til Statusrapporten i vedlegg her.

Aktivitet i Alver kommune

- Gang- og sykkelvegen mellom Helsehuset i Knarvik og Såtabu-området vart ferdigstilt i 2021 med delfinansiering frå Miljøløftet på 4,1 millionar.
- I samband med den ovale rundkøyringa i Knarvik blei kulvert-anlegget delvis ferdigstilt i 2021. Dette er delfinansiert med 10,2 millionar frå Miljøløftet, bevilga over statsbudsjettet no i 2022.
- Ein mindre del av gang- og sykkelvegprosjektet på Mjåtveitvegen blei finansiert av belønningsmidlar over Miljøløftet. Prosjektet stod ferdig i 2021.
- BUA Frekhaug og Manger har fått til saman fire nye el- sykklar og to laste-el-sykklar er på veg, alt finansiert av belønningsmidlar via Miljøløftet.
- I tillegg til å sikre oppfølging av trafikk/mobilitetsplanar vart det lagt opp til å nytte ein mindre sum belønningsmidlar i samband med årlege ruteendringar og Skyss fekk såleis styrka tilbodet til Alver med nokre nye avgangar på utvalde linjer hausten 2021.
- Fv5308, - med utbetring av Sagstadvegen, - her pågjekk det prosjektering i 2021.
- Fv5476 Kvamsbrekka: Prosjektering pågjekk i 2021.
- Gjennom Miljøløftet har Alver kommune i 2021 arbeidd med kommunikasjon og haldningsendrande arbeid. Internasjonal vintersyklingsdag, fotokonkurranse, sykle til jobben- aksjon, sykkel-service-turne med gratis sykkel-service, mobilitetsveke og politisk seminar er stikkord for Alver sitt engasjement her, med tilstellingar og arrangement på Frekhaug, Manger og i Knarvik.
- Alver har også vore involvert i reviderte prinsipp for innfartsparkering i Bergensområdet i 2021.

Vurdering

Statusrapporten for 2021 syner at det er stor og god aktivitet i Miljøløftet og at Alver kommune er ein aktiv part i samarbeidet. Kommunedirektøren rår til at kommunestyret tek rapporten til etterretning.

Vedlegg i saka:

Link til Miljøløftet, - med sentrale dokument, inkl. Statusrapport 2021: [Miljoloftet.no](https://miljoloftet.no)

Vedlegg i saken:

29.06.2022 Statusrapport 2021

1769408

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-151, FE-145
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 31.08.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
036/22	Eldreråd	05.09.2022
040/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	05.09.2022
031/22	Ungdomsråd	05.09.2022
022/22	Administrasjonsutval	07.09.2022
088/22	Alver formannskap	08.09.2022
113/22	Alver kommunestyre	22.09.2022

Økonomiplan 2023-2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Framlegg til økonomiplan drift og rammer for 2023 i samsvar med § 5-4 bevillingsoversikt drift 1A og 1B vert vedteke.
Budsjett for 2023 vert oppdatert med lønns og prisvekst i samsvar med framlegg til statsbudsjettet for 2023, og vert lagt fram for kommunestyret til behandling i desember 2022.
2. Framlegg til investeringsplan for perioden 2023-2026 og investeringsbudsjettet for 2023 vert vedteke i samsvar med § 5-5 bevillingsoversikt investering 2A og 2B.
Kommunedirektøren oppdaterar investeringsbudsjettet for 2023 i samsvar med eventuell endring i framdrift på prosjekta som pågår i 2022. Dette betyr at eventuelle framdriftsjusteringar per 2. tertialrapport vert tatt inn i budsjettframlegget som blir vedtatt i desember.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å setje i gang takseringsarbeid for næringseigedomar. Kommunestyret ber om å få lagt fram ei eiga sak i løpet av 2023 kor det går fram kva resultatet av takseringsarbeidet er, og ulike alternativ for utskriving av eigedomsskatt på næring. Dette skal leggjast fram i god tid før kommunestyret skal fatte vedtak om innføring av eigedomsskatt på næring i samband med budsjettvedtaket for 2024. Taksteringsarbeidet skal finansierast med bruk av disposisjonsfond, og kostnaden skal takast inn i rapporteringa for 1 tertialrapport 2023 når det har vore gjennomført anbud og prisen på å gjennomføre takseringsarbeidet er kjent.

Eldreråd 05.09.2022:

Handsaming:

Janne Sund-kommunalsjef økonomi orienterte og svara på spørsmål om framlegg til økonomiplan 2023-2026 i felles orienteringsmøte for eldrerådet og RMNF.

I eldrerådet vart det sett fram følgjande framlegg til utfale:

Eldrerådet tar framlagt økonomiplan 2023 - 2026 til etterretning.

Eldrerådet merkar seg at demografiprognosene no blir brukt slik utviklinga i kommunen vår verkeleg er.

Eldrerådet anbefalar sterkt at større investeringar no må vente til kommunen sin økonomi er betre. Driftsbudsjettet må haldast innanfor rimelege rammer, slik at etablerte tenester ikkje blir

ramma for hardt før kommuneplanen som er under arbeid er klare.
Eldrerådet meiner at vedtaket om at heile kommunen skal ha del i utviklinga organisatorisk og økonomisk framleis bør gjelde.

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg til uttale.

ER- 036/22 uttale:

Eldrerådet tar framlagte Økonomiplan 2023 - 2026 til etterretning.

Eldrerådet merkar seg at demografiprognosane no blir brukt slik utviklinga i kommunen vår verkeleg er.

Eldrerådet anbefalar sterkt at større investeringar no må vente til kommunen sin økonomi er betre. Driftsbudsjettet må haldast innanfor rimelege rammer, slik at etablerte tenester ikkje blir ramma for hardt før kommuneplanane som er under arbeid er klare.

Eldrerådet meiner at vedtaket om at heile kommunen skal ha del i utviklinga organisatorisk og økonomisk framleis bør gjelde.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 05.09.2022:

Handsaming:

Saka vert teke til orientering, samrøystes.

RMNF- 040/22 uttale:

Saka vert teke til orientering.

Ungdomsråd 05.09.2022:

Handsaming:

Orientering i saka v/Robert Lorang Hansen

Framlegg om å leggje ved notat frå innlegg frå ungdomsrådet til formannskapet som vedtak i saka.

Samrøystes vedteke

UR- 031/22 Vedtak:

Prioriteringar i økonomiplanen:

UR ynskjer fleire tilgjengelege Helsesjukepleiarar på alle skuler!

Døme: Radøy ungdomsskule, kun 1-2 dagar med tilbod, men mykje tid på hausten går bort til 8.klasse-samtalar, då vert det ikkje tid til dei i 9. og 10. klasse.

Vi ynskjer kortare ventetid på psykolog for ungdom. Fleire som tek kontakt med psykolog for ungdom, vert satt på venteliste og kjem ikkje inn før dei skrik om hjelp.
Lågare terskel for å komma inn.

Ungdomsklubbane:

Vi ynskjer oss ein klubb i Knarvik.

Sidan det er tilbod om ungdomsklubb i andre sentrum i kommunen, men ikkje i Knarvik. Vi har Salto i Knarvik, men dei er ikkje alltid opne når ungdommen har fri (dei stenger når mange er ferdig på skulen, 15.30).

Helsestasjon for ungdom

Betre opningstider.

Onsdag 15.30-18.30 er for lite, og færre ungdom får snakket med lege og helsesjukepleiar.

Prioriter fleire opningsdagar, eller lengre opningstid.

Uteområdet på skulane

Gode uteområde = meir sosial (både barne og ungdomsskule).

Barneskule har ofte gode uteområde, men ungdomsskulane har ikkje like gode.

Vi ynskjer at alle ungdomsskulane har gode uteområde.

Miljøterapeuter i ungdomsskolen

Lindås ungdomsskule mista sin miljøterapeut i vinter. Vi ynskjer at alle ungdomsskulane har tilbod om miljøterapeuter!

Administrasjonsutval 07.09.2022:

Handsaming:

Sak 22/22 vart handsama før sak 21/22

Framlegg fra Ø.Oddekalv-AP:

Saka vert teke til orientering.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

ADM- 022/22 uttale:

Saka er teke til orientering.

Alver formannskap 08.09.2022:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk ingen røyster og fall

Framlegg frå S.Knudsen-SP:

Kommunestyret ber om ei eiga sak med forslag til tiltak for å spare straumutgifter.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå A.Byrknes-KRF:

Punkt 1 og 2 tas til orientering

Punkt 3 som det står.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 088/22 innstilling:

Kommunestyret ber om ei eiga sak med forslag til tiltak for å spare straumutgifter.

Punkt 1 og 2 tas til orientering

Punkt 3 som det står.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i administrasjonsutvalet, ungdomsråd, eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Lenke til økonomiplan: [https://pub.framsikt.net/2023/alver/bm-2023-økplan_23-26 -
_oppd_per_31082022/](https://pub.framsikt.net/2023/alver/bm-2023-økplan_23-26_-_oppd_per_31082022/)

Vedlegg i saken:

31.08.2022	Budsjett 2023 - søknad	1793644
07.06.2022	Alver kommune Budsjettinnspel 2023 og økonomiplan 23-26	1751106
09.05.2022	Saksframlegg sak 2822 - Alver kontrollutval	1736347
09.05.2022	Særutskrift sak 2822 frå Protokoll - Alver kontrollutval	1736348

Arkiv: <arkivID><jpID> FE-080
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 13.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
015/22	Valnemnda	22.09.2022
114/22	Alver kommunestyre	22.09.2022

Fritak frå politiske verv i Alver kommune/nyval

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Som medlem i formannskap og valstyret veljas:.....
Som medlem i SU Grasdal skule veljas:.....
Som nytt varamedlem i SU Grasdal skule veljas:.... (kun aktuelt om det vert opprykk)
Som nytt varamedlem valnemnda veljas:.....
Som nytt 5.varamedlem NGIR IKS representantskapet veljas:.....
Som nytt 1. varamedlem klagenemnda veljas:....

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i valnemnda
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Thomas Larsen (Høgre) har flytta frå Alver kommune.

Vurdering

Lova seier at kun personar som er innført i folkeregisteret som busett i kommunen er valgbar. Når desse flytter til annan kommune, er dei ikkje lenger valbar og mister automatisk vervet.

Det veljast ikkje nytt medlem til kommunestyret, her er det direkte opprykk for vara, som vert nytt fast medlem. Til andre råd og utval skal det gjerast val i tråd med kommunelova § 7-10. Kommunestyret vurderar og veljar nye varamedlemmer til utvala, etter innstilling frå valnemnda.

Kommuneloven:

§ 7-2. Valgbarhet og plikt til å ta imot valg

....En person er valgbar og plikter å ta imot valg hvis følgende vilkår er oppfylt:

b) Han eller hun er innført i folkeregisteret som bosatt i kommunen eller i en av kommunene i fylket på tidspunktet for det aktuelle valget.

§ 7-10. Opprykk, nyvalg og suppleringsvalg

.....Hvis medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut, og de er valgt ved forholdsvalg, skal varamedlemmer fra samme liste tre inn i deres sted i den nummerordenen varamedlemmene er valgt. Hvis medlemmer av kommunestyret trer endelig ut, og de er valgt ved flertallsvalg, skal varamedlemmer tre inn i den nummerordenen de er valgt.

Hvis et medlem eller varamedlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre, fylkesting, kommunestyrekomité eller fylkestingskomité trer endelig ut, skal det velges et nytt medlem eller varamedlem. Det nye medlemmet skal velges fra den samme gruppen som det uttredende medlemmet tilhørte. Hvis dette vil føre til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det, hvis det er mulig, velges et nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.

Thomas Larsen har hatt følgende politiske verv i Alver kommune:
Medlem kommunestyret (automatisk opprykk Henning Fyllingsnes)
Medlem formannskap og valstyret
Medlem SU Grasdalen skule (vara Henning Fyllingsnes)

Varamedlem valnemnda (vara for Nils Marton Aadland)
5. varamedlem NGIR IKS representantskapet
1. varamedlem klagenemnda

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-033, FA-C10
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 01.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
116/22	Alver kommunestyre	22.09.2022

Val Alver ungdomsråd 2022-2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner innstillinga av representantar til Alver ungdomsråd perioden 2022-2023

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

I «Politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune» heiter det:
Medlem og vara frå ungdomsskulane vert valde etter framlegg frå elevråda. Kommunen (sekretariatet for rådet) informerar elevar frå vidaregåande skular, lag og organisasjonar om å melda inn aktuelle kandidatar. Sekretariatet for rådet gjer kandidatlista kjend (i forkant av møtet) og medlem og vara vert vald i allmøte/valdag

Saksopplysninger:

Rådet skal ha 15 medlemmer med varamedlemmer. Rådet vert vald av kommunestyret. Innstilling frå elevråd og frå allmøte/valdag(19.9.2022), vert lagt ved saka innan 20.9.2021

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 02.08.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
117/22	Alver kommunestyre	22.09.2022

Melding/orientering til kommunestyret 22.09.2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Meldingar/orienteringar:

- Protokoll representantskap Region Nordhordland Helsehus 03.06.2022
- Protokoll representantskap Region Nordhordland IKS 03.06.2022
- Protokoll representantskap IKT Nordhordland 03.06.3033
- Midlertidig svar – oversending av klage på avgjerd om utgreiing
- Status – busetting flykningar
- Svar frå vegdirektoratet om 3-timarsregel Nordhordlandspakken
- Lonena – orienteringsnotat sept.22

Vedlegg i saken:

19.08.2022	Protokoll frå Representantskap 1-2022 Region Nordhordland Helsehus IKS, 03.06.2022 (L)(739984)	1787632
19.08.2022	Protokoll frå Representantskap 1-2022 Region Nordhordland IKS 03.06.2022	1787639
19.08.2022	Protokoll frå representantskapsmøte IKT Nordhordland 03.06.2022 (L)(735928)	1787633
23.08.2022	Midlertidig svar - Oversending av klage på avgjerd om utgreiing	1789210
15.09.2022	Svar - 3-timarsregel Nordhordlandspakken	1802552
15.09.2022	Svar frå VD om 3-timarsregel	1802553
15.09.2022	Svar frå Vegdirektoratet om 3-timarsregel	1802554
15.09.2022	Orienteringsnotat - Lonena sept 22	1802767

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033, HistSak-14/3748
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 02.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
118/22	Alver kommunestyre	22.09.2022

Spørsmål/interpellasjonar til kommunestyret 22.09.2022

Vedlegg i saken:

02.09.2022	Spørsmål til ordførar, kommunestyremøtet 22.09.2022	1795202
02.09.2022	Spørsmål til kommunestyre 22.09.2022	1795200
15.09.2022	Spørsmål til ordførar vedk byggesak	1799886
15.09.2022	Spørsmål til kommunestyret 22.09.22 - Nordhordland Røde Kors	1803366



Arkiv: FE-080
JournalpostID: 22/72389
Saksbehandler: Martin W. Kulild
Dato: 20.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
	Valnemnda	
	Alver kommunestyre	

Fritak frå politiske verv i Alver kommune/nyval

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Øyvind H Oddekalv innvilgast fritak frå vervet som varaordførar frå 21.10.2022 og for resten av perioden.

Øyvind H Oddekalv innvilgast fritak frå vervet som medlem i valnemnda frå 21.10.2022 og for resten av perioden.

Øyvind H Oddekalv innvilgast fritak frå vervet som leiar i valnemnda frå 21.10.2022 og for resten av perioden.

Øyvind H Oddekalv innvilgast fritak frå vervet som medlem i administrasjonsutvalet frå 21.10.2022 og for resten av perioden.

Øyvind H Oddekalv innvilgast fritak frå vervet som leiar i administrasjonsutvalet frå 21.10.2022 og for resten av perioden.

Som ny varaordførar frå 21.10.2022 veljast:

Som nytt medlem i valnemnda frå 21.10.2022 veljast:

Som ny leiar i valnemnda frå 21.10.2022 veljast:.....

Som nytt medlem i administrasjonsutvalet frå 21.10.2022 veljast:

Som ny leiar i administrasjonsutvalet frå 21.10.2022 veljast:.....

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i valnemnda

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Øyvind H Oddekalv (AP) har søkt om fritak frå vervet som varaordførar frå 21.10.2022 og for resten av perioden. Fritakssøknaden har bakgrunn i at Oddekalv skal starte i ny jobb i slutten av oktober og ikkje kan ivareta vervet utan at vil føre til vesentleg ulempe for representanten. Oddekalv søker samtidig fritak frå verva som medlem og leiar i administrasjonsutvalet og valnemnda frå 21.10.2022 og for resten av perioden, sidan dette er verv som han meiner han fekk i kraft av å vere valt til varaordførar.

Oddekalv opplyser i søknaden at han vil halde fram som medlem i formannskapet og kommunestyret.

Vurdering

Kommunelova seier i § 7-9 at viss ein folkevald ikkje kan ivareta vervet sitt utan at det fører til vesentleg ulempe for han eller henne, kan kommunestyret etter søknad frita den folkevalde frå vervet midlertidig eller for resten av perioden. Det skal vektleggjast om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet den folkevalde samtykka i å bli valt.

Oddekalv opplyser i søknaden at han skal starte i ny jobb i Vestland fylkeskommune i slutten av oktober. Det blir vidare opplyst at dette er ei leiarstilling som vil medføre at han ikkje kan utføre vervet som varaordførar utan vesentleg ulempe for representanten. Dette er ein ny arbeidssituasjon for representanten og dette var ikkje kjent når vala til dei gjeldande verva vart gjennomført hausten 2019.

Verva det gjeld er varaordførar, medlem og leiar i valnemnda og leiar og medlem i administrasjonsutvalet.

Kommunedirektøren vurderer at krava til varig fritak i § 7-9 i kommunelova er oppfylte for dei gjeldande verva.

Kommunelova seier i § 7-10 at når eit medlem trer endeleg ut av eit anna folkevald organ enn kommunestyret, skal det veljast eit nytt medlem frå den same gruppa som medlemen tilhørde. I same paragraf står det òg at når leiaren i eit folkevald organ trer endeleg ut skal det veljast ny leiar.

Utdrag frå kommunelova:

§ 7-9. Uttreden og fritak

.... Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt. Den som ikke har nådd stemmerettsalderen, har krav på fritak hvis han eller hun søker om det....

§ 7-10. Opprykk, nyvalg og suppleringsvalg

... Hvis et medlem eller varamedlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre, fylkesting, kommunestyrekomité eller fylkestingskomité trer endelig ut, skal det velges et nytt medlem eller varamedlem. Det nye medlemmet skal velges fra den samme gruppen som det uttredende medlemmet tilhørte. Hvis dette vil føre til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det, hvis det er mulig, velges et nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.

Hvis lederen av et folkevalgt organ trer endelig ut av organet, skal det velges en ny leder.....

....Ved nyvalg etter fjerde ledd og suppleringsvalg etter sjette ledd kan gruppen selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen informerer deretter kommunestyret, formannskapet, fylkestinget eller fylkesutvalget, som velger den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt..... (Gjeld ikkje vervet som varaordførar)

Gjeldande verv:

Varaordførar

Medlem i valnemnda (vara Nina Bognøy)

Medlem i administrasjonsutvalet (vara Nina Bognøy)

Søknad om fritak frå politiske verv i Alver kommune

Eg søker med dette fritak frå vervet som varaordfører i Alver kommune frå 21.10.2022. Som ein konsekvens av dette søker eg òg om fritak som medlem og leiar i både valnemnda og administrasjonsutvalet. Eg vil halde fram i formannskapet og kommunestyret.

Bakgrunnen for søknaden er at eg skal begynne som områdeleiar i avdeling for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune i slutten av oktober. Dette er ei leiarstilling som eg meiner ikkje kan kombinerast med frikjøpt verv i Alver kommune. Dette er ein ny situasjon som har oppstått, noko som ikkje var kjent når eg takka ja til å gå inn i desse verva hausten 2019.

Både vervet som leiar i valnemnda og leiar i administrasjonsutvalet kjem, slik eg vurderer det, som ein konsekvens av å vere valt som varaordfører. Det vil òg vere krevjande å kombinere desse med den nye stillinga. Eg søker derfor om fritak frå verva som medlem og leiar i desse to utvala òg.

Eg meiner eg oppfyller krava i § 7-9 i kommunelova der fritak kan innvilgast dersom ein folkevald ikkje kan ivareta vervet utan vesentleg ulempe for han eller henne. Dette vil og vere til det beste for Alver kommune.

Frekhaug, 18.9.2022



Øyvind H Oddekalv